

Apen og krokodillen

- Ei forteljing frå Sri Lanka





Det var ein gong,
langt inne i ein jungel
på Sri Lanka. I
jungelen var det
mange tre, og
mellom trea rann ei
brei elv. Her budde
det ein apeunge
saman med mamma
si. Han var søt, liten
og brun, med to
svære øyre og eit
stort hjarte.



Kvar dag klatra apeungen oppover trestammane. Han slengde seg frå tre til tre, heilt til han kom til elva. Då sleppte han seg ned trestammen og sette seg ved kanten av elva, heilt åleine. Apeungen hadde ingen venner. Dei andre dyra ville ikkje leike med han. Dei var mykje eldre og sprang raskare enn han, så apeungen nådde dei ikkje att.



Om kveldane for han heim til mamma si og la seg i fanget hennar. «Eg har ingen venner å leike med», brukte han å seie. «Ikkje ver lei deg, barnet mitt. Når du blir stor, kjem du til å få deg mange venner», svarte mamma. «Men eg vil ha venner no!» sa apeungen. «Eg er vennen din», svarte mamma. «Zzzzz.» Då sovna apeungen også.



Ein dag då apeungen
var ved elva, såg han
plutseleg to store,
runde auge som stakk
opp frå vatnet. Auga
sumde nærare og
nærare.



Brått stakk eit digert
hovud opp frå vatnet og
spruta på apeungen slik
at han vart klissvåt. Opp
av vatnet kom eit stort
dyr med lang, grøn
snute, skarpe tenner og
lang hale.



«Kven er du?» spurde apeungen medan han rista av seg vatnet. «Eh... eg ... eg er ein krokodille», svarte dyret. «Og eg er ein ape. Skal vi vere venner? Bestevenner?» spurde apeungen.

«Venner, eh... kva er det?» spurde krokodillen. «Det betyr at vi skal leike saman og ta vare på kvarandre», forklarte apen.

«Ok då, vi kan vere venner, eh... bestevenner», svarte krokodillen.



Og så leika dei i lag:

*Virre-virre-vapp, min venn
er komen.*

*Virre-virre-vapp, kvar kom
han frå?*

*Virre-virre-vapp, han kom
frå vatnet.*

*Virre-virre-vapp, vi saman
går.*



Om kvelden tok dei
farvel og lova å
møte kvarandre
dagen etter.

Så sprang apeungen heim til mamma si og sa: «Eg har fått ein venn!»

«Oj, så koseleg», svarte mamma og var glad. «Kva heiter han?»

«Han heiter, han heiter ... ko... ko...»

«Kattepus?» spurde mamma.

«Nei», svarte apeungen.

«Kanin?» spurde mamma ivrig.

«Nei», svarte apeungen.

«Ku?» heldt mamma fram.

«Nei, han heiter ko, ko, kokodille!» sa apeungen.

«Krokodille?!» skreik apemamma. «Krokodillar er farlege! Dei et andre dyr. Dei et apar! Du får ikkje lov til å leike med krokodillen.»





Apeungen vart svært lei seg. Han hadde jo nettopp fått seg ein venn. Om kvelden fekk han ikkje sove. Så kom han på ein idé:



Dagen etter plukka han bananar som han tok med seg til krokodillen.

Han gav dei til han og sa: «Sjå, her har du litt frukt. Det smakar kjempegodt.»

Krokodillen åt litt av bananen og sa «Eh... ja, kjempegodt.»

«Eg skal hente frukt til deg kvar dag», sa apeungen. «Men då må du love at du aldri meir et andre dyr.»

«Eh... ok då», lova krokodillen.





Kvar dag kom apeungen med eit fruktfat til krokodillen, fullt av alle slag frukt. Nydeleg frukt som bananar, ananas, kiwi, klementinar og mango. Så leika dei og hadde det moro i lag. Då kvelden kom, gjekk apeungen heim til mamma si, medan krokodillen sette fruktfatet på ryggen før han sumde heim til kona og delte frukta med henne.



Ein dag sa krokodillekona: «Det er godt med frukt, men det er noko som manglar. Eit apehjarte! Det hadde vore så godt med eit lite apehjarte attåt frukta». Krokodillekona bad mannen sin om å invitere apeungen heim til dei, så dei kunne ete hjartet hans.

«Eh... men han er vennen min», sa krokodillemannen.

«Ein venn? Kva er det? Det har eg aldri høyrte om», svarte krokodillekona. «Har du gløymt at vi krokodillar et dyr?» Ho bad mannen om å skunde seg, for ho var så svolten.



Krokodillen sumde til
apen og inviterte han
heim til middag. Apen
vart glad, men så kom
han på noko:

«Eg kan jo ikkje
symje», sa apeungen.
«Korleis skal eg bli
med deg heim?»



«Eh... Du kan setje deg på ryggen min», sa krokodillen. Det tykte apen var ein god idé. Så han hoppa opp på ryggen til krokodillen, og saman for dei heim til krokodillekona.




Då dei nærma seg
huset til krokodillen,
sto krokodillekona ved
elvekanten. Ho hadde
på seg eit kjøkenforkle
og heldt ein stor gaffel
i handa, klar til å ete
apeungen.

«Eh... Du skjønar, kona
mi hadde lyst på eit
apehjarte, så eg tok
deg med hit slik at ho
kunne ete deg opp»,
sa krokodillen.



«Bank – bank!» Hjartet til apeungen tok til å slå hardt, og han skalv av redsle. Ikkje kunne han symje heller, kva skulle han gjere? Då fekk han ein idé: Han sa: «Eg har gløymt att hjartet mitt.» «Eh... Kva meiner du?» svarte krokodillen. Han forstod ikkje. «Du skjønar», heldt apen fram, «hjartet mitt hadde blitt vått, så eg tok det ut og la det til tork. Det heng i det store treet ved elva.»



«Eh... Kva skal vi gjere no? Kona mi kjem til å skjenne på meg!»
sa krokodillen.

«Vi må symje tilbake og hente hjartet mitt», svarte apeungen.



«God idé», sa
krokodillen og sumde
tilbake med
apeungen på ryggen.



Då dei kom fram til det store treet, sa krokodillen til apen at han måtte skunde seg. Apeungen hoppa ned frå ryggen til krokodillen og klatra raskt opp i treet. Her kunne ikkje krokodillen få tak i han. «Du er ikkje vennen min lenger», sa apeungen og sprang heim.



Han hoppa rett opp i fanget til mamma si og lova at frå no av skulle han høyre på henne og aldri meir verte venn med ein krokodille.

Snipp snapp snute, så er eventyret ute.



Illustratør: Svetlana Voronkova

Se flere fortellinger på morsmal.no